

NotatDato: 09.02.2016
Arkivsak: 2014/12154-12
Saksbehandlar: fromann

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Sjukefråvær Hordaland fylkeskommune 2015


Det samla sjukefråværet i 2015 var på 6,05 prosent. Dette er ei auke på 10,6 prosent frå 2014 (5,47 prosent).

Fråværet har auka for begge kjønn, men prosentvis mest for menn. Alle sektorane har auka fråvær. I Tannhelsa har sjukefråværet auka berre litt (frå 7,5 til 7,7 prosent), i opplæringssektoren noko meir (frå 5,3 til 5,8 prosent). Størst har auka vore i fylkesadministrasjonen, der fråværet har gått frå 5,6 til 6,3 prosent, som er ei auke på om lag 12,5 prosent.


Eigenmeldt fråvær er framleis lågt (0,89 prosent). Nesten heile auke i sjukefråvær ligg i det legemeldte fråværet (frå 4,65 prosent til 5,16 prosent).

Målsettinga for sjukefråvær i HFK er formulert som eit nærværsmål på minst 95 prosent. For 2015 er altså nærværet på i underkant av 94 prosent. Det er dermed grunn til å sjå nærare på kva for tiltak som kan redusere sjukefråværet og auke nærværet i HFK.

Figur 1. Utvikling siste tre år, fordelt på kjønn:



Figur 2. Utvikling fordelt på legemeldt/eigenmeldt fravær.



Figur 3. Utvikling fordelt på sektor:

